



ANNONSE

Drømmer du om fagbrev?

Gratis nettkurs

Produksjonsteknikkfaget

Benytt
sjansen
nå!

[Klikk her for mer info >](#)

NÆRINGSLIV TIME BRYNE HÅLAND NÆRINGSOMRÅDE DALEMA AS

Eigarane av Outlet Jæren: - Me er avhengige av at outleten ligg i tilknytning til lageret



FORSTÅR IKKJE: Dag Leo Vestre Martinsen og sonen Christoffer Martinsen i Dalema-konsernet stiller seg uforståande til at det store lageret på Håland ikkje får ha utsal.

Av Snorre Standish Norheim

29. juli 2020, kl. 20:45 ▾

Dispensasjonen frå gjeldande reguleringsplan går ut i 2020.

DEL



...

ANNONSE

Lagerutsalet ligg på feil side av Brøytvegen, ifølgje kommuneplanen som eit fleirtal i kommunestyret har valt å gå i krigen for. Fylkesmannen og fylkeskommunen er endå meir skeptiske, og ønskjer ikkje meir detaljhandel på Håland.

– Problemet er at me må ha ein kanal for å få ut gamle overskotsvarer. Når me omset for 1,5 milliard, går det ein del varer gjennom systemet, og «outleten» er ein av kanalane våre, seier Christoffer Martinsen i Dalema.

– Me er avhengige av at outleten ligg i tilknytning til lageret. Det kan ikkje flyttast fritt rundt og leggjast kor du vil. Me må få logistikken og drifta av butikken til å gå opp. Viss me ikkje får behalda han, blir det ei utfordring for oss, seier han vidare.



BRØYTVEGEN: Outlet Jæren ligg på nordsida av vegen som deler Håland næringsområde i to. Fylkesmannen og fylkeskommunen vil ikkje ha meir detaljhandel på «Jærens Forus», men Time kommune har bede Kommunal- og moderniseringsdepartementet om lov til å regulera for detaljhandel på sørsida av vegen, på visse vilkår. Foto: Thommas Husevik

Treng dispensasjon

Dispensasjonen frå 2017 galdt fram til status for industriområdet på Håland var avklart i kommuneplanens arealdel, eller i inntil tre år. I søknaden ber tiltakshavar Dalema AS om tre nye år, for å driva med «lagersalg av diverse varer innen kategorien møbler interiør».

Norrøna Bau Union, som har skrive søknaden, peikar på at sju arbeidsplassar vil forsvinna dersom søknaden om vidare drift, blir avvist. Dei viser til at det er gjeve dispensasjon for sal andre stader på Håland, at det er viktig for Dalema-konsernet å moglegheit for lagersal for å kunna selja ukurante varer, samt at det pågår «utstrakt netthandel» frå lagersalet, som truleg vil bli viktigare framover.

Skal Outlet Jæren få dispensasjon igjen, må kommunepolitikarane bryta med den uttalte intensjonen om å samla detaljvarehandelen éin stad på Håland. I den nyleg vedtatte kommuneplanen er det på aust for jernbanen og sør for Brøytvegen.

- Me er gründerar og handelsfolk, og har problem med å skjønna at me ligg på feil side av gata, er svaret frå Dalema.

LES OGSÅ

Utvidar det største bygget på Håland med 5000 kvadratmeter og skal husa Skandinavias største kjøkkengrossist



Storgata er for lita

Fylkesmannen har i motsegna til kommuneplanen, gjort gjeldande at forslag om detaljhandel på Håland «svækker sentrums rolle som handels- og bysenter», og dessutan at legg til rette for «en transportgenererende og bilbasert arealutvikling med byspredning».

Outleten har eit areal på over 2000 kvadrat, med mange små og mange store varer. Dalema-konsernet starta for over 30 år sidan med Handelshuset Martinsen og den lokale butikkjeda Rustika, som starta med butikk i Storgata på Bryne.

– Det gamle Rustika-lokalet i sentrum er tilgjengeleg. Er det aktuelt for dykk?

– Nei, det er heilt umogleg, svarer Dag Leo Vestre Martinsen kontant.

– Når dei snakkar om handel i sentrum, veit du ikkje om du skal le eller grina. Dette er politisk og eg skal vera forsiktig, men det klart at du ikkje kan plassera ein outlet i eit sentrum, med alle trailerane som køyrer til og frå.



FOR SMÅTT: Rustika var leigetakar i Storgata 20, som i si tid vart tilpassa herreforretninga Eikhi. Eit sentrumslokale som dette dugar ikkje for Outlet Jæren, meiner Dalema-konsernet. Foto: Snorre Standish Norheim

Outlet Jæren er testballongen som viser om Time viser alvor med «Jærens Forus»



LES OGSÅ

Fleire varehus-aktører vil vera naboen til Biltema på Håland - kommunen ber departementet om lov

Lik Jærbladet på Facebook

Lik dette 17k personar likar dette. Registrer deg for å sjå kva venene dine likar.

Les meir om: [Næringsliv Time](#) [Bryne](#) [Håland næringsområde](#) [Dalema AS](#)

Fleire saker



Er dette Jærens sprekeste odelsgutt?